



DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT

## Rundskriv R

---

Alle departement  
Statsministerens kontor

Nr.  
R-7/2022

Vår ref  
22/4636

Dato  
06.09.2022

### **Statsbudsjettet 2022 – Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – Ny saldering**

Finansdepartementet skal leggje fram for regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2022. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2022 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 19. oktober 2022. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2021
- Saldert budsjett 2022 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2022

I hovudbudsjettsskrivet for 2023 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2022 innan 1. august 2022. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag no. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 25. november 2022. Utkast til proposisjon skal leverast Finansdepartementet for kontroll innan 21. november 2022.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2022 vil etter planen verte fremja i statsråd 2. desember 2022.

Med helsing

Trond Høyde e.f.  
fung. avdelingsdirektør

Mathias Ringdal  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer*